



NORDHORDLAND NÆRINGSHAGE AS
Mastrevik Torg
5943 AUSTRHEIM

Dato: 27.04.2016
Vår ref.: 2016/2587-6
Saksbehandlar: karklep2
Dykkar ref.:

LIVOGLYST HORDALAND TILSEGN OM TILSKOT PÅ INNTIL KR 300 000 TIL PROSJEKT LINDÅSBYGDA - FRÅ OSKE TIL ELD - 2016-000066.

Vi viser til søknaden dykkar med prosjektpplan, datert 23.10.2014/30.01.2016, om tilskot til ovannemnde prosjekt.

Det er med glede vi kan melde at styringsgruppa for LivOGLyst Hordaland har vedteke at prosjektet *Lindåsbygda – frå oske til eld* er teke opp som LivOGLyst treårig prosjekt.

Ein syner til dialog forut for tilsegn om krav til at prosjekteigar får prosjektet organisert i ein frivillig organisasjon og ikkje i Nordhordland Næringshage AS. Næringshagen bør vera ein viktig medspelar, men prosjektet innbyggjar styrt og drevet. Ein ber om melding når dette er utført slik at ny organisasjon kan signere nytt akseptskjema.

Vedtaket gjev tilsegn på kr 100.000 årleg i tre år frå 01.03.2016 til og med 2018. Løyvinga for 2017 og 2018 er med atterhald om tilføring av midlar via fylkeskommunal tilskott og frå eksterne partnara.

For at tilsegna skal vere gyldig må de signere og returnere vedlagte standardvilkår **innan 2 veker** etter at tilsegnsbrevet er motteke. Dette som ei stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for å gjennomføra prosjektet som planlagt.

Tilsegna gjeld til 15.10.2019. Dette er siste frist for innsending av sluttutbetalingsskjema med sluttrapport og revidert rekneskap. Eventuell søknad om forlenging av tilsegna må sendast sakshandsamar før denne dato.

Eit LivOGLyst-prosjekt forutset at ein arbeider kontinuerleg for brei medverknad gjennom opne prosessar. Ein bør starte kvart år med brei open mobilisering av innbyggjarane for å få auka medverknad og innspel på nye tiltak / aktivitetar og rekruttere ansvarlege for tiltaka. Nettverksmøter for LivOGLyst-prosjekta er obligatoriske å delta på.

I handsaminga av søknaden la styringsgruppa følgjande moment frå søknaden til grunn for opptaket:

1. Prosjektgrunnlag

Følgjande opplysningar er henta frå søkjar si beskriving av søknaden;

Bakgrunn

Lindåsbygda, ifrå å være ei hamn for handel og ferdsel i gamle tider, har flytta sentrum og budstader, handel og service for ålmenta opp langs hovudvegen. Nedre Lindås har likevel eit stort potensiale for utvikling både for næringsliv, innbyggjarar og besøkjande. Dette var det tidlegare sentrum, og ber på mykje historie og gamle bygg. Bygda har mange ulike lag og organisasjonar, og mange eldsjeler og pådrivarar er knytt til dei ulike frivillige aktørane. Ein stor del av dei næringsdrivande er knytt til kjøpesenteret i bygda, som tilbyr det meste av kva folk treng til dagleg. Reiseliv er representert med fire ulike aktørar, og mykje av deira næringsgrunnlag er knytt til Mongstadverksemdene.

Tradisjonelt er det få fora som har knytt dei ulike aktørane saman på nokon måte.

Næringslivet, og særleg reiselivsnæringane, har vore sikra næringsgrunnlag gjennom aktiviteten på Mongstad.

Kunnskap om og fokus på generell turisme, lokale bygdeaktivitetar og lokale aktørar vert derfor i mindre grad nytta, rett og slett fordi ein ikkje kjenner godt nok til kvarandre. Fleire uttrykker at det er vanskeleg å «komme inn i

varmen» som nyinnflyttar. For andre år på rad arrangerte bygda "Verdas lengste sjømatbord" i 2015 Den største suksessen er at felles innsatsen har skapt gode følelsar og sjølvtilitt for bygda.

Prosjektmål

Overordna mål:

Gjennom samarbeid i bygda skapar vi trivsel, styrker identiteten til Lindåsbygda og aukar aktivitetane mellom frivillige, kulturaktørar og næringsdrivande slik at bygda er ein levande plass og bu og besøkje samt at næringslivet får vekst og flere arbeidsplassar.

Hovudmål

- 1. Prosjektet skal vera opent og inkluderande og bidra til tilrettelegging av gode idear og tiltak for bygda. Alle idear og tiltak skal jobbast vidare med gjennom blant anna kontinuerleg mobilisering og motivering i å utvikle bygda.*
- 2. Skape gode møteplassar og fora for å styrke fellesskap, samarbeid og kjennskap til kvarandre. Dette bidreg til å auke trivsel både for nye og gamle i bygda.*
- 3. At bygdas tilbod og aktivitetar er synleg og tilgjengeleg. Dette for at fleire kan ha glede av å nytte dei, samstundes som det betrar rekruttering og utvikling.*
- 4. Styrke frivillig arbeid og tilrettelegge for auka vekst i næringslivet ved å utvikle samarbeidsformer som utnyttar dei ulike aktørar sitt potensiale for tettare samarbeid.*

Aktiviteter

1. Mobilisering

Kontinuerleg mobilisering både gjennom allmøte og mindre grupper. Vere særleg merksam på å inkludere nye innbuarar, både for å stimulere til nettverksbygging og tilhøyregheit, men også for å «avdekke» nye ressurspersonar i bygda. I mobilisering ligg også stimulering til vidareutvikling av samarbeidsformer mellom frivillige lag/organisasjonar, eldsjeler/enkelpersonar, næringsdrivande og gründerar.

2. Kultur og natur

Betre tilgang på naturopplevingar gjennom merking/rydding av turløyper og tilrettelegge for kano/kajakpadling. Gjere informasjon om aktivitetane lett tilgjengeleg gjennom bl a nettside og informasjonstavler.

Aktivitet i gamle bygningar. Mogelegheit for ny aktivitet i den gamle tuberkuloseheimen, bygget i seg sjølv er vakkert og særeige, representerer det ei viktig del av historia til bygda. Innspela som har kome fram går i retning av å nytte bygget som ein open og levande stad for forskjellige kulturaktivitetar. Bygget er eigd av Lindås Kommune, og saman med kommunen vil prosjektet sjå på mogelegheitene her.

Utvikle Sjøparken i Lindåsosane med eitt nytt verk årleg og betre tilgang til sjøkulturminnet Lindås Sjøsluser.

Tiltak under arbeid:

a) Utarbeiding av kart over turstiar og friluftsområde som skal oppførast på Info-vegg ved bensinstasjonen, infovegg Lindås Senter og plakatar hjå reiselivsaktørane. Kartet skal trykkast opp i papir lommeformat, samt vere nedlastbart på nettsida.

Ansvarleg: Lindås Bygdela v. Gurid Helene Ese.

b) Tilrettelegge for oppleving av Sjøparken og sjøkulturminnet Lindås Sjøsluser for folk som ikkje har eigen båt. Arbeid med innhenting av informasjon om lovar og reglar for båtskyss har vore fokus. Det er signalisert frå kommunen si side at dei vil støtte med etablerartilskot, dersom nokon er interessert i å starte båtskyss-verksemd. I det vidare arbeidet vil ein blant anna vektlegge mobilisering av ressursar som ynskjer å utvikle dette.

c) Vidareutvikling av Sjøparken og finne kunstnar for 2016. I det vidare arbeidet må ein finne finansiering, samt oppdatere utstillingsguide når nytt verk er på plass. Ansvarleg: Kunstnarane Bente B. Kampevold, Turid Grov saman med Elisabeth Tonheim

3. Trivsel og inkludering

Vere særleg merksam på nye innbuarar i bygda og finne gode ordningar for inkludering og nettverksbygging. I dette ligg blant anna tilgang på informasjon om bygda og kva som finnast av møteplassar, fritidstilbod- og syslar, aktivitetar og tenester.

Med bakgrunn i idemyldringar tilrettelegge og stimulere til å iverksette tiltak som aukar trivselen både i bygda som heilheit, men også i mindre nærområde. Vise særleg merksemd i forhold til barn og unge som fell utanfor andre aktivitetar.

Tidsplan

2016

- 1. Mobilisering og gjennomgang av idear og mogelegheiter for bygda, inkludert bygdeaktivitet som kan gjennomførast i 2016*
- 2. Kartlegge mogelegheit for bruk av historisk bygg til ny møteplass/aktivitet*
- 4. Mobilisering og gjennomføring av sommar- og vinterarrangement*
- 5. Mobilisering og gjennomføring av annan aktivitet og delprosjekt*

6. Stimulering og tilrettelegging for samarbeid i bygda

7. Kompetanseheving/nettverksbygging

2017-2018

1. Evaluering av 2016

2. Vidareføring av tiltak som er igangsett tidlegare

3. Mogeleg etablering og samlokalisering av nye verksemdar/aktivitet i historisk bygg

4. Mobilisering, utvikling og gjennomføring av aktivitet/delprosjekt

5. Kompetanseheving/nettverksbygging

Førebels organisering (syner til krav til at prosjekteigar får prosjektet organisert i ein frivillig organisasjon)

Prosjekteigar: Nordhordland Næringshage AS

Organisasjonsnr.: 998557542

Prosjektleiar: Elisabeth Tonheim

Epost: elisabeth.tonheim@gmail.com

2. Godkjende kostnader og godkjend finansieringsplan

Løyvd beløp: 300.000 kr fordelt med kr 100 000 over tre år. **Søknadsbeløp:** 300.000 kr. fordelt over tre år

Godkjend kostnadsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Kompetanseheving og nettverk	25 000	25 000	25 000			75 000
Mobilisering/ samlingar	25 000	25 000	25 000			75 000
Prosjektleiing	50 000	50 000	50 000			150 000
Tiltak / bygdeaktivitet	50 000	50 000	50 000			150 000
Sum kostnad	150 000	150 000	150 000			450 000

Godkjend finansieringsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
01. LivOGLyst	100 000	100 000	100 000			300 000
02. Kommunen	50 000	50 000	50 000			150 000
Sum finansiering	150 000	150 000	150 000			450 000

3. Vilkår for tilskotet

Omfanget kvart år er knytt til dei årlege økonomiske rammer gjeve av fylkeskommunens årlege budsjett og avtale med partnerskapen ved Innovasjon Norge Hordaland og Fylkesmannen i Hordaland. Det kan også søkjast midlar frå anna hald til å delfinansiera programmet og eller større prosjekt/tiltak som kjem opp i den lokale prosessen.

Viktig informasjon om pliktar og rettar som deltakar i LivOGLyst programmet og vilkår for opptak:

Prosjektet er tatt opp under føresetnad om at prosjektansvarlege og prosjektmedverkande godtar å arbeide ut frå dei grunnleggjande målsettingane og gjeldande retningslinjer i LivOGLyst- programmet for lokal utvikling i Hordaland.
www.kom-an.no/LivOGLyst

Dei grunnleggjande målsetningane og retningslinjer for LivOGLyst-programmet

LivOGLyst prosjektet skal vere innbyggjarstyrt og organisert nedanfrå- og -opp

Prosjekteigar: friviljug organisasjon og ikkje institusjon

Arbeidet skal byggja på eit breitt samarbeid mellom innbyggjarane, lag/foreiningar, næringsliv og kommunen

Ungdom, kvinner og migrantar er viktige aktørar i arbeidet

Utvikling av lokalsamfunn gjennom breie og opne mobiliseringsprosessar

Opne mobiliseringsprosessar avgjer kva tiltak ein skal prioritere i utviklingsarbeidet

LivOGLyst-prosjektet skal bidra til å byggja auka kultur for entreprenørskap i lokalsamfunnet gjennom kompetanse, etablere nettverk, trivselstiltak og entreprenørskap.

Rettar / tilbod til 3-årig LivOGLyst prosjekt:

- LivOGLyst treårige prosjekt får tildelt midlar for tre år.
- Prosjektleiariar deltek på felles LivOGLyst-nettverke sine møteplassar og kurs delfinansiert av LivOGLyst på fylkesnivå.
- Prosjektet kan be LivOGLyst på fylkesnivå om rådgjeving og «skreddarsydd» kompetansetiltak. Dette vert vurdert innanfor kvart års økonomiske ramar.
- Prosjektet får innspel på nettløysing i samband med opprettinga av eiga gratis nettside på www.kom-an.no.
- Arbeidsgruppa for LivOGLyst på fylkesnivå gjev generell rådgjeving og hjelp til LivOGLyst treårige prosjekt i større omfang enn for andre kategoriar av LivOGLyst prosjekt.
- Arbeidsgruppa for LivOGLyst på fylkesnivå skal vere samtalepart i tilfelle vesentlege kursendringar. Reviderte planar og årsrapport vert vurderte kvart år og er grunnlag for vedtak om vidareføring eller om eventuell avkorting av prosjektet.

Nettverksaktivitetar:

- Det er ein føresetnad at dei prosjektansvarlege bidrar ikkje berre til å utvikle eige prosjekt, men også inn i programmet som heilskap. Her er inkludert:
 - a. Vera aktiv i LivOGLyst-nettverket og delta på møteplassar og kompetansehevingstiltak.
 - b. Arrangera nettverksmøte for LivOGLyst ein gong i løpet av tre år.
 - c. Om mogleg vera initiativtaker til å utvikla kurs og arrangement for seg sjølv og andre i LivOGLyst nettverket.
 - d. Vere aktiv dialogpartnar med Arbeidsgruppa for LivOGLyst på fylkesnivå, med kommunen, og vere nettverksbyggjar i relasjon til andre prosjekt.

Kommunen:

- LivOGLyst hovudprosjekt skal vise til kommunal medfinansiering på kr. 30.000,- kvart år i minimum 3 år.
- Kommunen er samarbeidspart og oppmenner ein fast kontaktansvarleg. Denne møter med prosjektleiariar på nettverksamlingar og deltek på møte når prosjektet vert vitja av LivOGLyst-programmet si arbeidsgruppe.
- Prosjekta bør syte for å få kommunen engasjert utover pengeløyvinga, til dømes i styringsgruppa for eige prosjekt.

Profilering:

- I alle presentasjonar av- og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er del av LivOGLyst og nytte logo i tillegg til eventuell eigen logo. Aktiv informasjon til lokalpresse ved arrangement og tiltak er viktig.

Korleis midlane kan nyttast og vilkår for utbetaling:

- Det er ein føresetnad at prosjektet vert utvikla med utgangspunkt i prosjektplanen. Denne skal innehalde informasjon om bakgrunn, status og målsettingar (effekt mål og resultat mål), prosjektorganisasjon, oversikt over aktivitetar med tidsplan, budsjett og finansiering.
- Større endringar i prosjektplanen, derunder endringar i budsjett eller finansieringsplan, skal etter søknad frå tilsegnsmottakar godkjennast av fylkeskommunen. Søknaden må vere signert av prosjekteigar.
- Framdrift av og eventuelt revidert handlingsplan skal kvart år sendast inn som del av årsrapporten, i inneverande periode innan 1. mars 2017. Hent ned mal for enkel årsrapport på LivOGLyst si side på kom-an.no under fana skjema.
- Prosjektet får tilsendt eit rapportskjema for utfylling i forkant av vitjing av LivOGLyst arbeidsgruppa. Her skal det visast til god progresjon i det lokale arbeidet. Dersom prosjektet ikkje kan visa til progresjon i tråd med eigen prosjektplan, eller på andre måtar bryt med vilkåra for programdeltaking, vil styringsgruppa vurdere ei avkorting av deltakinga i programmet.
- Midlane skal nyttast i samsvar med budsjetterings- og finansieringsplan. Midlane skal nyttast til nye tiltak og kan ikkje nyttast til drift av eksisterande tiltak/verksemd. Midlane kan nyttast til: Prosjektleiing, nettverksdeltaking og kompetanseheving og tiltak. Prioriterte tiltak er: Breie mobiliserings prosessar; skape utviklingslyst og stadig få fleire med og skape auka aktivitet og nye tiltak ut frå lokalsamfunnet sine ynskjer og behov. Lokalsamfunnsutviklingstiltak, entreprenørskap og trivselstiltak; Tiltak/aktivitetar som vert prioritert gjennom opne mobiliserings prosessar. Det er viktig at det vert satt hovudansvarlege for dei ulike tiltak og aktivitetar.
- Midlane på kr. 300 000 frå LivOGLyst kan ikkje nyttast til investeringar (kostnad på kr 15 000 og over), det er opp til kommunen om deira tilskot på kr. 90 000 kan nyttast til investeringar.
- Maksimum 50 % av beløpet frå fylkeskommunen kan nyttast til løn, honorar eller kompensasjon for tapt arbeidsinntekt for prosjektleiar.

Statusrapportering og delutbetaling:

Skjema for rapporter er å laste ned frå www.kom-an.no/livoglyst under skjema.

Oppmoding om delutbetaling og sluttutbetaling skjer ved at ein logger seg inn på www.regionalforvaltning.no med sitt brukarnamn og passord frå innsending av søknad, går på «ny utbetaling».

- **Utbetaling for 1. år:** Tilsegnsmottaker signere standardvilkårdokumentet (vedlagt akseptskjema) og returnera det innan 2 veker etter mottatt tilsegnsbrev, logger seg så inn på www.regionalforvaltning.no og ber om a konto kr. 100.000 for 1. år.
- Prosjektet får tilsendt eit rapportskjema for utfylling i forkant av vitjing av LivOGLyst arbeidsgruppa.
- **Utbetaling for 2. år:** Tilsegnsmottakar logger seg inn på www.regionalforvaltning.no og ber om a konto delutbetaling kr. 50 000 for 2. år.
- Prosjektet sender statusrapport og rekneskap for 1. år til fylkeskommunen innan 1. mars andre året. Dette gjev formelt grunnlag for oppmoding om delutbetaling av siste 50% av tilskot for andre året gjennom www.regionalforvaltning.no.
- **Utbetaling for 3. år:** Tilsegnsmottakar logger seg inn på www.regionalforvaltning.no og ber om a konto delutbetaling kr. 50 000 for 3. år.
- Prosjektet sender statusrapport og rekneskap for 2. år til fylkeskommunen innan 1. mars tredje året. .

Prosjektavslutning og sluttutbetaling:

I samband med oppmoding om sluttutbetaling av siste 50% av tilskot for tredje året, skal det fyllast ut ein sluttrapport og ein kostnadsrapport av medgåtte kostnader for alle tre åra. Dette må skje seinast innan 15.10.2019.

- **Merknad!** Revisor skal attestere sluttrekneskapen som er samla for alle tre åra.
- Signert Sluttrekneskap for prosjektet kan lastas opp som vedlegg til oppmoding om sluttutbetaling gjennom www.regionalforvaltning.no. Dette gjev formelt grunnlag for sluttutbetaling.
- Tilsegnsmottakaren har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.
- Hordaland fylkeskommune har høve til å krevje attende midlane om ikkje signert standardvilkår ligg føre innan fristen.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll. Vi gjer vidare merksam på at i medhald av §10 i løyvsreglementet og §12 i lov om Riksrevisjonen, kan Kommunal- og regionaldepartementet og Riksrevisjonen setje i verk kontroll med at midlane vert nytta som føresett.

Klage / innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak som det vert klaga på, og dei grunnar som klagen støttar seg til. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sine kontaktpersonar og sakshandsamarar for dette prosjektet er;

Grete Kathrine Jacobsen, prosjektleiar

E-post: grete.kathrine.jacobsen@hfk.no

Telefon: 55378016 Mobil. 98 42 62 87

og

Kari Patricia Kleppe

Epost: kari.patricia.kleppe@hfk.no

Telefon: 55239568 Mobil: 90993968

Vi ynskjer dykk lukke til med gjennomføringa av prosjektet.

Med helsing

Bård Sandal

fylkesdirektør Regional utvikling

Mette Nora Sætre
næringssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

LINDÅS KOMMUNE

Solveig Lærøy

Elisabeth Tonheim

Eileen Feste

Vedlegg: Standardvilkår, Statusrapportering – mal og Sluttrekneskapsskjema

Vi ber om at de signerer og returnerer følgjande standardvilkår innan 2 veker etter at tilsegnsbrevet er motteke. Dette som ei stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.

Standardvilkår for Regionalt utviklingsprogram for Hordaland

Prosjektnamn: Lindåsbygda - Frå oske til eld
Tilsegnsnr.: 2016-000066 **Løyvd beløp:** Kr 300 000 for tre år a kr 100 000 pr år
Vår ref. (arkiv): 2016/2587

Følgjande kontrollerast av tilsegnsmottakar:

Tilsegnsmottakar: Nordhordland Næringshage AS

Postadresse: Mastrevik Torg,
5943 AUSTRHEIM

Org.nr.: 998557542

Kontaktperson: Solveig Lerøy

Telefon: 95213012 **Mobil:** 95213012

E-post: solveig@nh-nh.no

Sakshandsamar

Hordaland fylkeskommune sine kontaktpersonar og sakshandsamarar for dette prosjektet er;

Grete Kathrine Jacobsen, prosjektleiar

E-post: grete.kathrine.jacobsen@hfk.no

Telefon: 55378016 Mobil: 98 42 62 87

og

Kari Patricia Kleppe

Epost: kari.patricia.kleppe@hfk.no

Telefon: 55239568 Mobil: 90993968

Vi stadfester med dette at vi har lest tilsegnsbrevet og aksepterer vilkåra for løyvinga, samt tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.

Signert standardvilkår av prosjekteigar:

Stad: Dato:

Signatur prosjekteigar:

Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen

Ein syner til dialog forut for tilsegn om krav til at prosjekteigar får prosjektet organisert i ein frivillig organisasjon og ikkje i Nordhordland Næringshage AS. Næringshagen bør vera ein viktig medspelar, men prosjektet innbyggjar styrt og drevet.

Ein ber om melding når dette er utført slik at ny organisasjon kan signere nytt akseptskjema.

LIVOGLYST HORDALAND SLUTTREKNESKAPSSKJEMA

Prosjektnamn: Lindåsbygda - Frå oske til eld

Tilsegnsnr. 2016-000066 **Tilskot inntil kr** 300 000

Vår ref.: 2016/2587

Fyllast ut av tilsegnsnsmottakar:

Org.nr. _____ **Konto.nr.bank/post** _____

Namn: _____

Postadresse: _____

Kontaktperson: _____

Telefon/telefaks: _____ **E-postadresse:** _____

SLUTTREKNESKAP:

Rekneskapen under skal setjast opp etter same oppsett som er nytta for budsjett (jf. pkt.2 i tilsegnsbrevet).

Kostnader:			Finansieringsplan:		
Budsjettpost	Rekneskap	Budsjett	Kjelde:	Sluttfinansiering	Budsjett
			LOL		

Godkjent av prosjektleiar:

dato

signatur og stempel

Godkjent av prosjektansvarleg:

dato

signatur og stempel

ATTESTASJON AV REVISOR. GJELD BERRE FOR TILSEGN OVER KR 100 000,-.

Føremålet med revisor sitt arbeid og rapportering for prosjektet, er å stadfeste økonomisk informasjon registrert i sluttrekneskapen. Revisor skal utføre kontrollar som gjev tilsegnsyttar ei forvissing om at inntektene/ finansieringa og kostnadane i prosjektet er fullstendige og reelle, dokumenterte og korrekt registrerte i rekneskap/ prosjektrekneskap. Tilskotsmottakarar som ikkje er revisjonspliktige, kan få rekneskapen attestert av autorisert rekneskapsførar.

Avtalte kontrollhandlingar opp mot sluttrekneskapen for prosjektet er gjennomført.
Godkjent av revisor/ rekneskapsførar:

dato

signatur og stempel

Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen
